



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 26.11.2013

Sak nr.: 13/6581-2

Internt l.nr. 38264/13

Sak: 50/13

Tittel: Prosedyre for utøving av løyvemyndet

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for samferdsle vedtek følgjande prosedyre for å utøve løyvemyndet:

- 1 Løyvehavar som ikkje er tilslutta sentral kan vere innehavar av inntil fire drosjeløyve. Løyvehavar kan ha inntil to hovudløyve der hovudløyve nr 2 skal vere tilrettelagt for rullestol. Løyvehavar kan få inntil to reserveløyve ved behov, avgrensa til 3 års varigheit.
- 2 Det skal ikkje gjevast fritak frå løyveplikta til innehavar av drosjeløyve.
- 3 Fylkeskommunen gjev dispensasjon frå forskrift om universell utforming etter søknad frå løyvehavar.
- 4 Løyvehavar tilknytt drosjesentral kan vere innehavar av inntil to hovudløyve der hovudløyve nr 2 skal vere tilrettelagt for rullestol. Reserveløyve skal tildelast drosjesentralen.
- 5 Løyvehavar tilknytt drosjesentral skal ha drosjeløyve som hovuderverv.
- 6 Fylkeskommunen gjev ikkje fritak frå driveplikt, men vil oppmode om at løyvehavar samarbeider med nærliggjande løyvehavarar/drosjesentral om vakt samarbeid.
- 7 Ledige løyve skal lysast ut. Det må synleggjerast i utlysinga om løyvet er drivverdig.
- 8 Meir midlar til tilskot til universelt utforma bilar i drosjenæringa, vert vurdert i det årlege budsjettarbeidet.

9 Fylkeskommunen vil inngå samarbeid med drosjenæringa om kompetanseheving.